

Nr 4 - 2021

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget



møte:plassen

Guds fred og god jul



**Undheim kapell og
bedehus 100 år**
side 4 - 7

**Undheim
barnehage**
side 10 - 12

**Utflytta
Undheimsbu**
side 14 - 15

Min sang

Joy to the World av Isaac Watts.

Denne sangen er etter inspirasjon fra Salme 98 i Bibelen.

Me har ein norsk utgave av denne sangen som me syng i
DeKor og den vil eg dela med dykk.

Adventstida syns eg er fin, eg gler meg over alle lysa som
skin så fint på hus, busker og trær, og lyser opp i mørketida.
Og denne sangen vert eg glad av, budskapet om frelsaren
som kjem med lys til verda er til alle, også deg!

Pia Norunn Risa

*Gled deg, du jord, la mørket fly,
for lyset blant oss bor!
Å hvilket dyp av kjærlighet,
Gud vender all vår sorg til fred.
Han vender sorg til fred,
han vender sorg til fred.
All verden pris hans kjærlighet.*

*Gled deg, du jord, ditt lovsangskor,
skal hylle kongen stor!
La mark og skog og berg og dal
og alt det skapte uten tall
i-stemme lovsangskor,
i-stemme lovsangskor.
I-stem du jord, ditt lovsangskor.*

*Gled deg, du jord, han kommet er!
Lukk opp for ham din favn!
Gi rom i hvert et hjerte her;
forkynn hans ære fjernt og nærlig;
lovsyng hans store navn,
lovsyng hans store navn.
Lovsyng hans ære fjernt og nærlig.*

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
May Brit Merland Arnø
Hanne Nordbrønd
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto: fra Pixabay.com



Jesus er lyset i verda

« Tru på lyset så lenge
de har lyset, så de kan
bli born av lyset.»

Joh 12.

TILTREKT AV LYSET

Historia går om ein gamal landsbydoktor som drog av stad til ei isolert hytte i skogen for å hjelpe til med ein fødsel.

Det var heilt utafor allfarveg og han hadde ikkje elektrisk lys å hjelpe seg med. Då legen kom, var ingen heime utan guten hennar, som gjekk i småskulen.

Doktoren bad guten om å halde opp ei parafinlampe, slik at han kunne sjå medan han assisterte med fødselen.

Guten gjorde som han fekk beskjed om, mora trykka på, og etter ei stund kunne doktoren løfte opp eit nyfødt barn, og det begynte å puste og skrike.

Ikkje før var han ferdig med dette, så poppa ein ny baby ut, og så endå ein. Men nå tok guten glaset på lampa til sides og blåste ut lyset.

Doktoren ropte:
«I all verda, kvifor gjorde
du dette?»

Guten svarte:
«Dei vert tiltrekte av lyset!»

Difor er det ei stor glede å kunne fortelje – ikkje bare meir eller mindre merkelige historier, men sanninga om det lyset som Gud har sendt til verda. Han vil ikkje late oss vera i mørkret, men gir oss livsens lys.

Det lyset gjer for oss, det gjer også Jesus for oss, bare i ei anna og overført betydning.

Kva gjer så lyset? Kva gjer Jesus?

LYSET AVSLØRER!

Den låge haustsola skein inn gjennom uvaska vindaugsruter var nådelaust avslørande. Her må du sjå å vaska. Vindauga har vore uvaska i fleire månadar. Virkeligheten vert ikkje forandra av noen solstråler. Men vårt biletet av virkeligheten forandrer seg. Det er ei ny sanning som stig fram. Når Jesus seier om seg sjølv at han er lyset, så betyr det også at noe som var skjult vart openberra, også hjå dei menneska han møtte.

Simon Peter sin reaksjon etter den veldige fiskefangsten er slåande. Utan at Jesus har sagt eit ord, fell Peter på kne og seier: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann.» Det heilage fører til sanning om seg sjølv og Gud.

LYSET VARMER.

Ja, langt inni ryggmargen sit ein menneskeleg refleks. Ei avsløring fører med seg ei straff. Den, som då vågar å stå i lyset, vil kjenna at det ikkje nøyser seg med ei kald avsløring. Lyset varme frosne og avdekka sjeler. Der kor møtet med lyset leiar oss til bøn om nåde, møter Jesus oss med ord om tilgjeving. Etter syndevedkjenninga, ja, før kyrie og gloria kjem lovnadsordet:

«Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er Herrens miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss.» Sal 103

Han som kjenner meg betre enn eg kjenner meg sjølv, han seier at han aldri vil bruke den

kunnskapen mot meg.. Å miskunna seg over eit menneske betyr å sjå bort frå slik kunnskap.

LYSET LEIAR.

Den som går i mørkret, veit ikkje kvar han kjem av, seier Jesus. Det har me alle gjort våre erfaringar med. Ein uopplyst stig gjennom skogen er vanskeleg å følgja. I tillegg er den full av humpar og snublesteinar.

På t-banestasjonane i Oslo fins det nemlig også eit lite skilt. Skiltet viser to strekmenneske, ein stor og ein liten. Den store strekmannen held den vesle strekmannen i handa. Under bildet står teksten: «Barn bør leies».

I møte med Gud er me som born. Me bør leiast. Me er avhengige av at noen tek oss i handa og fører oss trygt gjennom. Som kristne kan me ta kvarandre i hendene. Me kan søke Gud saman, slik me gjer det når me samlast for å feire gudsteneste.

Eit mørkt og opprørt hav er vanskeleg å navigere i, spesielt når farvatnet er ureint.

«Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn».

Jesus leiar oss på ulik vis, både gjennom dagligdagse utfordringar og i dei store spørsmål. Med hans kjærleik som førebilete, finn me vegar over alt. Men først og sist leiar han oss til Gud.

Amen

Roald Byberg
vikarprest

DOBBELT JUBILEUM FOR GUDSHUSA PÅ UNDHEIM

Tekst: Steinar Sandvik

**FOR 100 ÅR SIDAN, I 1921, VART UNDHEIM
KAPELL INNVIGD. NYE UNDHEIM KYRKJE
VART INNVIGD 80 ÅR SEINARE.**

Undheim kapell vart innvigd 18. november 1921. Både biskop Bernt Andreas Støylen og prost Bernhard Jonassen deltok i høgtida. Det gjorde også sokneprest Johannes Helle frå Time. Dessutan deltok Nikolai Tunheim som var formann i byggjenemnda.

PÅDRIVAR

Det var Nikolai Tunheim som gjekk i spissen for bygginga av eit gudshus på Undheim. Men alt i 1890-åra var det snakka om at Undheim burde få sitt eige gudshus. Etter ei stor vekking i bygda i 1918 vart det fortgang i planar om eit eige gudshus. Då tok Tunheim initiativ til å samle inn pengar.

Folk i bygda samla inn nesten 15.000 kroner. Time kommune gav eit rente- og avdragsfritt lån på 10.000 kroner og ein privatmann gav eit privat lån på 7.000 kroner. Dermed var byggjekostnaden dekka. Tomta på 1,5 dekar vart kjøpt av Peder O. Undheim for 1.500 kroner. Det nye gudshuset fekk namnet Undheim kapell og bedehus.

Frå innviinga av Undheim kapell 18. november 1921. (Faksimile frå boka «Kapellet. Undheim kapell og bedehus 1921-1998».

21. mars 1921 vart det halde generalmøte. Då var det på tide å velje eit styre for kapellet som bygget vart kalla. Nikolai Tunheim vart formann. Dei andre i styret var Torgeir O. Arrestad, S. Svendsen Undheim og Ola O. Mellemstrand. I tillegg var sokneprest Johannes Helle med i styret.

PRIVAT BYGG

Søndag 18. november 1921 var kapellet fylt til trengsel. Då vart det nye gudshuset innvigd. Kapellet var ikkje eit vanleg kyrkjebygg drive av det offentlege. Det var eit privat bygg for bygda. Men koret som var avskilt med eit forheng og klokkene, var kyrkjetilsynet sitt ansvar Kyrkjegarden var også driven av kyrkjetilsynet. 16. april 1921 vart Marta Tunem Bjørnholen jordfesta på Undheim kyrkjegard, men sjølve gravferda var frå Time



Frå innviinga av Undheim kapell 18. november 1921 med alt folket samla framfor det nyinnvigde kapellet. Vindauga står ope i galleritrappa. Det var nok behov for lufting med så mykje folk.



Undheim kapell og bedehus kort tid etter at bygget vart vigsla.

(Foto: Peder Netland / Time bibliotek)

kyrkje sidan kapellet ikkje var ferdig. Det førsre bryllaupet i Undheim kapell var 23. desember 1922. Då vart Ingebjørg Fossfjell og Tildor Undheim vigde til ektefolk. Alt 1. søndag i advent, 27. november 1921 var to barn døypte. Det var Per Undheim, son til Ingeborg og Halvor Undheim. Også Njål Arrestad vart døypt denne dagen. Han var son til Anna og Nils Arrestad.

VEDLIKEHALD OG OMBYGGING

Alt i 1928 var det nødvendig å reparere golvbjelkane i framre del av kapellet. Fukt gjorde at bjelkane rotna. Det var laga til kjøkken då bygget var nyt, men først i 1947 vart heile kjellaren graven opp. I kjellaren vart det då ein stor matsal. Samstundes vart koret utvida, og det vart bygd sakristi. Bordkledninga vart også skifta.

Neste reparasjon var i 1965. Då vart det bygt til toalett og garderobe i inngangspartiet. Matsalen i kjellaren vart fiksa opp i 1976 og kjøkkenet to år seinare.

Kapellet på Undheim var ein møteplass for mange i bygda, ikkje berre når det var kyrkjelege

handlingar og gudstenester. Her vart det heilt fram til 1998 drive eit rikt og variert arbeid for både barn, ungdommar og vaksne.



Stor dramatikk då kapellet vart totalskada av brann.

Foto: Steinar Sandvik)

DRAMATIKK

Natta til 10. juli 1998 stod kapellet i full fyr. Brått var Undheimbygda utan gudshus. Kva no?

I protokollen for Undheim kapell står det skrive: «Kapellet brann. Natt til 10. juli 1998 brann kapellet. Brannen vart oppdaga kl. 03.30 av forbipasserande. Store brannskader der berre det som var i sakristiet var delvis uskadd i 1. etg. Vannskadar i kjellaren. Instrumenta i hovudetasjen er og mykje skada. Kanskje kan noko av orgelet restaurerast. Kapellet er forsikra

i Salus Ansvar. Dei engasjerte firmaet Alfa-Service til å ta vare på innbu som har verdi.»

SAMFUNNSHUS OG «GARASJE»

Kapellet var ei branntomt, noko av innhaldet vart reda, men kva med alt arbeidet som no ikkje hadde plass å vere. Søndag 19. juli var det gudsteneste i Undheim samfunnshus med barnedåp.

Leiinga i samfunnshuset var svært imøtekommende og la om sitt program for å gi plass til det kyrkjelege arbeidet. Her var det faste gudstenester med dåp, jamvel også brurevigslle. Men Time kyrkje vart brukta til konfirmasjonar, dei fleste bryllaup og gravferder.

Noko av det andre arbeidet i kapellet vart etter kvart flytta til «Postgarasjen».

BYGGJEPANAR

Fleire år før brannen drøfta kapellstyret utviding eller utbetring av kapellet. «Dette er en sak vi må begynne å jobbe med!» Står det i protokollen frå styremøtet 23. august 1995. 22. februar 1996 vedtok styret å lodde stemninga og sende ut eit brev til alle brukarane.

22. april hadde dei svaret som var nokså sprikande. Nokon ville ha større plass, andre ville ha det som før. Saka kom til årsmøtet. Før den tid låg det føre eit forslag på utvendige forandringar. Og her vart det engasjement, alt frå parkeringsplass, økonomi, nybygg og tomt. Er det verdt å satse på det gamle bygget?

Er det betre med eit nyt bygg. Styret skulle arbeide vidare. Og det gjorde styret verkeleg.

6. januar 1997 vedtok styret å kalle inn til ope møte om kapellet. Då låg dette alternativ

på bordet: Bygge nytt, bygge på eller bygge ein annan stad. Konklusjonen frå det opne møtet var å utgreie nytt bygg eller bygge på.

10. juni 1997 drøfta styret byggeprosjektet. Då vart det presentert eit påbygg og utviding til ein pris på 4 millionar kroner. Vidare ut over året vart det drøfta finansieringsplan og forandringar på teikningane. På årsmøtet 22. februar 1998 vart det orientert om byggeplanane. Fleire meinte at byggeplanane var for kostbare, og det vart fremja eit nytt forslag. Årsmøtet støtta styret med 47 mot 11 stemmer forslaget frå styret.

1. april 1998 var det ikkje noko vedtak om bygging, men 15. april gav styret klarsignal for å gjere ferdig teikningane og få kostnadsoverslag. 27. mai vart det opplyst at det var sendt søknad om påbygg og vedlikehald. Det var siste gongen saka vart behandla i kapellstyret. 10. juli brann kapellet.


GODKJENNING

Dagane etter brannen vart ei hektisk tid for kapellstyret. Kapellstyret oppnemnde ein plankomite med Ole Hersdal som leiar. Komiteen fekk fullmakt å spørje to arkitektar som skulle lage ei planskisse. 16. august 1999 fekk plankomiteen fullmakt til å gå vidare med med Signatur Arkitekter AS sine teikningar og utsmykking av Per Odd Aarrestad. Endeleg vedtak vart gjort på ekstraordinært årsmøte 24. oktober 1999. Med 55 stemmer mot 19 og to blanke vart Signatur sitt forslag vedteke.

På årsmøtet 25. februar 2001 orienterte Ole Hersdal om byggearbeidet som hadde gått raskare enn planlagt.

10. juni var Kongen og Dronninga på besøk og deltok på ei gudsteneste framfor kapellet. Besøket var i samband med Garborgjubileet.

12. august vart grunnsteinen lagt ned av biskop Ernst Baasland, og denne dagen var første gong dei nye kyrkjeklokkena slo 3x3 slag.



Undheim kapell Foto: Åge Bjørnevik, Jærbladet

Biskop Ernst Baasland ved alteret då Undheim kyrkje vart vigsla.
(Foto: Åge Bjørnevik, Jærbladet)

«Det var høgtideleg og fint», står det i protokollen frå kapellstyret.



Arbeidet på den nye kyrkja er godt i gang. (Foto: Steinar Sandvik)

INNVIING

Neste høgtidsdag var innviinga 9. desember. «Eit hus med himmel over» var overskrifta på Jærbladet si førsteside mandag 10. desember. Og slik skildra journalist Åge Bjørnevik sjølve innviinga: «Biskop Ernst Baasland var tydeleg imponert over dagnadsinnsatsen, som har vore avgjerande for det nye kapellet. - De har lagt ned ein innsats som er langt større enn det ein kan venta, og de har kome mykje lenger enn det som eigentleg var planen, sa Baasland, som også kom inn på om det var ei kyrkje eller eit kapell.

- Det viktigaste er ikkje om me kallar bygget kyrkje eller kapell. Det viktigaste er at dette blir ein stad der bygda Undheim kan samlast om evangeliet. Skal eg kalla denne staden noko, så er det eit forventningas hus, sa Baasland i preika si.»

MYKJE NYTT

Sidan innviinga har Undheim kyrkje vore ein møteplass for mange. Og dei ulike arbeidslaga har funne gode arbeidsvilkår. Undheim har blitt eige sokn, og det offisielle bygget heiter Undheim kyrkje og bedehus.

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for det kyrkjelege arbeid som gudstenster og andre kyrkjelega handlingar. Styret for Undheim kyrkje og bedehus driv bygget med støtte frå fellesrådet når det gjeld den kyrkjelege delen av arbeidet.

Kyrkjestyret har eige årsmøte der det vert valt eit styre som har ansvar for drifta og økonomien for bygget.



Fullsett kyrkje på vigslingsdagen. Bak til venstre Undheimkoret DeKor.. (Faksimile frå Jærbladet 10. desember 2001- Foto: Åge Bjørnevik)

KAPELLET



Undheim kapell og bedehus
1921 – 1998

Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

Sal av Kapell-boka

Boka

«Kapellet – Undheim kapell og bedehus 1921-1998» vart publisert etter at den nye kyrkja vart vigd 9. desember 2001. Boka gir eit grundig bilet av historia til kapellet, både det som har med bygget å gjere, men også ei omfattande og rik skildring av arbeidet i bygget. Der er framleis bøker på lager. Ta kontakt med Torvald Tjåland, tlf. 913 59 619, dersom du er interessert i å kjøpe boka.

Pris: 149 kroner.

NYTTÅR!

Tekst: Hanne Nordbrønd

I år blir det nyttårsfeiring for ungdommene i Undheim kirke! UKUF skal feire sammen med Varden (Lye ungdomslag). Feiringen blir for 8. klasse og oppover.

- Det har vært stort oppmøte på UKUF denne høsten, vi ligger på rundt 30 ungdommer hver gang. Det kommer ungdommer fra Undheim, Lye og fra Tryggheim. Ungdommene går på tvers av ungdomslagene i helgene, og det er derfor veldig kjekt å kunne feire nyttår sammen dette året, sier Eline Fosse. Eline er ungdomsarbeider i Undheim, og sammen med ungdomsarbeideren på Lye, Martin Berge, skal hun være med å arrangere festen. De håper å få med seg frivillige og andre voksne til å hjelpe.

- Vi har ikke planlagt i detalj enda, men vi pleier å ha et møte, god mat og underholdning. Vi har tidligere gått utenfor kirken eller opp til Knudaheio rundt midnatt for raketttoppskyting. Etterpå fortsetter festen i kirken med kaker og sosialt.

- Jeg husker da jeg var ungdom og feiret nyttår i kirken. Det var veldig kjekt at opplegget var klart og vi bare kunne komme i finklær og være med på det som skjedde. Det var mye leker og underholdning. Men det aller kjekreste var å samles med sine venner og feire sammen, forteller Eline.

Det blir lagt ut informasjon og påmelding på facebooksidene etterhvert.





VELKOMNE TIL JULEKONSERT I UNDHEIM KYRKJE



onsdag **8. desember kl. 19:00**

Evy & Jan synger kjente og kjære julesanger med tekster på vår egen jærdialekt. Tekstene er skrevet av Jan, og forteller om Julen slik vi husker den. Her er også en helt ny Julesang av Jan Jonassen og Harald Undheim.

billetter på: evyjan.hoopla.no

onsdag
22. desember kl. 18:00

Vokal: Jorunn Undheim og
Bjarte Lending
Tangentar: Bjørge Verbaan
Gitar/bass: John Inge Knudsen
Fiolin: Lise Sørensen Voldsdal
billetter på: tikkio.com





EIN BARNEHAGE FOR HEILE BYGDA

**UNDHEIM BARNEHAGE STARTA I 1987 I
OSTELAGERET VED DET GAMLE MEIERIET. I 2009
VAR DET FLYTTING TIL DEN NYE BARNEHAGEN
VED SKULEN OG IDRETTSHALLEN.**

Tekst og foto: Steinar Sandvik

Rut Moi Lunde har vore tilsett ved barnehagen i 27 år, og ho kan sjå tilbake på ei stor utvikling både når det gjeld lokale og ikkje minst i talet på barn.

GOD TRIVSEL

Akkurat no er det haustferie. I nabobygget, Undheim skule, er det stille. Men i barnehagen er det full aktivitet. Rett nok er det nokre som har ferie her også, men både tilsette og barna held koken.

Styrar Rut Moi Lunde trivst godt i barnehagen på Undheim.
Her har ho arbeidd i 27 år.

Barn og tilsette har avslutta dagens matpause. Sjølv om rengdropane bløyter uteområdet, skal mange av barna ut saman med dei vaksne. Andre held seg innandørs med ulike aktivitetar – alltid med nokon av dei vaksne rundt seg.

Dette liker styrar Rut Moi Lunde. Å sjå at det er god trivsel mellom barn og vaksne, er akkurat slik det skal vere.

GODT SAMARBEID

– Undheim barnehage skal vere ein kvardagsbarnehage som er prega av tryggleik og trivsel, leik og læring, glede og humor. Her skal tilsette skape og legge til rette for gode dagar, seier styrar Rut Moi Lunde og legg til at det er eit utruleg godt og positivt samarbeid både med foreldra og personalet i barnehagen.

Rut fortel at barnehagen har sin eigen visjon: «Rom for alle, blikk for den enkelte».

– Visjonen gjeld ikkje berre barna, men i like stor grad alle foreldre og tilsette i barnehagen,

understrekar Rut og legg til at det er 60 plassar i barnehagen, to småbarnavdelingar med i alt 24 plassar og to avdelingar for større barn med 36 plassar. Nokre barn har ikkje full plass, difor er det i dag plass til 69 barn – det meste vi har hatt på eitt år.

Rut fortel at barna stort sett kjem frå Undheim skulekrins.



KYRKJA EIG BARNEHAGEN

– Barnehagen har heilt sidan starten hatt utvida føremålsparagraf. Som einaste barnehage i bygda er det viktig å ha respekt for alle. Vi har alltid hatt eit fantastisk godt samarbeid med Time kommune og får del i alt det faglege som kursdagar og styrarnettvert, seier Rut og legg til at oppfølging frå Time kommune er svært god.

Time kyrkjelege fellesråd (Kyrkja i Time) eig barnehagen og står for drifta.

– Samarbeidet med kyrkja er godt, og tilsette frå kyrkja er på faste besøk. Vi markerer høgtidene og har faste bibelsamlingar kvar månad. Barnehagen deltek på hausstattakkefest i kyrkja – ein god tradisjon vi vil fortseje med.

Men det er ikkje berre kyrkja som er ein god samarbeidspartner.

IDRETT

– Eg må skryte av idrettslaget som nærmeste nabo. Når ikkje idrettslaget eller skulen bruker idrettshallen, kan vi tre føremiddagar i veka bruke heile hallen med utstyr. Boblehallen kan vi også bruke, det same gjeld fotballbanen. Det er heilt utruleg, smiler styrar Rut.

Ho fortel at barn frå barnehagen er på daglege turar i det flotte nærmiljøet vårt uansett ver. Er det skikkeleg uver, er boblehallen eit godt alternativ.

STOR INNSATS

Undheim barnehage starta i samfunnshuset i august 1987 i det gamle ostelageret. Ein stor duggnadsinnsats vart gjort før det vart klart til å ta imot dei første barna. Omlag heile bygda stod på.

Frå starten var tilbodet ein korttidsbarnehage



Michelle Danilovich feirer 5-årsdag i barnehagen.

med to grupper – kvar på 16 barn. Ei gruppe var tre dagar i barnehagen, den andre to dagar, og opningstida var fire timer dagleg. Etter ti år vart barnehagen gjort om til heildagsbarnehage.

Rut Moi Lunde arbeidde mange år i barnehagen i samfunnshuset.



Ane Berge (frå venstre), Ludvig Hadland og Theodor Fiskebekk er i full sving med leiken.



Frå venstre: Karen Maria Sikveland Søyland, Lilly Pedersen og Lina Reiten Mellemstrand koser seg ute i barnehagen. Her har dei kome godt i gang med «matlagingsa» (Foto: Steinar Sandvik)

- Eg minnest alle desse åra, og ikkje minst Helge Lode, smiler Rut. – Han la alt til rette for oss. Det var aldri nei når vi spurde om noko. Når plassen vart for liten, kunne vi ta vestibylen i bruk. Det var eit eineståande samarbeid.

UTVIDING

– Etter kvart vart det behov for ein by barnehage. Den nye barnehagen opna i april 2009, den første dagen her var 6. april, fortel Rut. – Men vi såg fort at barnehagen var for liten. I starten hadde barnehagen tre avdelingar, men alt i november 2014 vart den fjerde avdelinga opna.

GODT OG VONDT

– Det har vore mange spesielle opplevingar gjennom desse åra, mimrar Rut som først av alt peikar på ein utruleg positivitet og samarbeid med foreldra. Alle ville det beste for bygda og barnehagen.

Rut minnest med stor glede då barnehagen fekk vere med på Garborgmarkeringa 21. januar 2001.

– Kvar av barna frå barnehagen og skulen hadde med seg ein stein som til slutt var ein varde, ikkje langt frå Knudaheio. Eitt år var 5-åringane frå barnehagen med og dansa til ei Haugtussaforestilling i landskapet rundt Knudaheio, saman med profesjonelle skodespelarar.

Ho minnest også godt då hoppbakken ved skulen var offisielt opna. Då fekk barn frå barnehagen vere med saman med verdsmeister Bjørn Einar Romøren.

– Men det har ikkje berre vore gilde opplevingar, seier Rut og fortel om sjukdom og dødsfall i nær familie til barn i barnehagen. – Då såg eg kor viktig det var å ha ein trygg plass med blikk for den enkelte, og eig godt samarbeid med familien.

NY TID

Sommaren 2022 vert det ein ny epoke for Undheim barnehage og for styrar Rut Moi Lunde. Då har ho bestemt seg å bli pensjonist.

– Eg ønskjer meir tid saman med familien og få tid til hobbyar, men det skal bli både underleg og vemodig å slutte på ein plass der eg trivst så utruleg godt, legg Rut til.

UNGE LEDERE I SØNDAGSSKOLEN



Hanne Nordbrønd - tekst

SØNDAGSSKOLEN

To av hjelpelederne i søndagsskolen heter Pauline Tveiten og Mikal Marinus Aardal. De har gått på søndagsskolen siden de var små, og er nå blitt 12 år og har vært med som hjelpeledere de siste årene.

Mikal Marinus forteller at som liten gutt var det lekekassen på gulvet etter andakten som var det aller kjekreste. Pauline likte godt når de laget pynt og hadde aktivitet.

- Jeg husker et år hadde søndagsskolen julemarked på handelslaget før jul. Da pyntet vi pepperkaker, fikk ansiktsmaling og solgte ting vi hadde laget på søndagsskolen. Det synes jeg var veldig kjekt, forteller Pauline.

Før vi ble ledere var vi med på et ledertreningskurs som heter "Slushkurs" her i kirken. Da fikk vi Slush, hadde sporlek med oppgaver rundt kirken og hadde det sosialt sammen. For å bestå kurset fikk vi i oppgave å være med som hjelpeledere minst en gang på et av barnearrangementene i kirken. Vi valgte søndagsskolen, og har vært hjelpeledere siden, forteller Pauline.

- Nå er våre oppgaver i søndagsskolen å registrere ungene når de kommer, gå rundt med bøssene for å samle inn penger til fadderbarna, ha ansvar for skattekisten og sanger. Vi møter også opp tidligere og lager til og setter frem stoler, sier Mikal Marinus.

Begge forteller at de trives med oppgavene sine i søndagsskolen, og synes det er bra at det er så mange voksne med som ledere.
- Vi synes det er veldig kjekt å se så mange unger og foreldre på søndagsskolen, sier de unge lederne.

Alle som kommer får sette ett klistermerke på tusenbeinet. Pauline hjelper og passer på.



Denne søndagen ordnet Pauline aktiviteten som var å lage en terning av melkekartong. På hver side limte en på en oppgave man kan gjøre. Spennende å trille å se!



EIN GOD PLASS Å VEKSE OPP



Gerd Undheim Reinertsen trivst godt ute i naturen. Her frå ein ein av mange fjellturar. (Foto: Ole Bjørn Reinertsen)

SOM BARN GJEKK

GERD UNDHEIM REINERTSEN (68) LITE PÅ SØNDAGSSKULEN, MEN I VAKSEN ALDER HAR HO VORE SØNDAGSSKULELÆRAR I MANGE ÅR.

Tekst: Steinar Sandvik

– For meg var det heilt naturleg å vere med i arbeidet rundt kapellet på Undheim, fortel Gerd Undheim Reinertsen som no bur på Øyslebø i Lindesnes kommune.

UNGDOMSFORENINGA

– Mange barn og unge hadde eit nært forhold til

arbeidet på kapellet. Eg gjekk på Yngres og i Ungdomsforeninga med musikklaget som samla mellom 20 og 30 ungdommar. Her var det ungdommar i alle aldrar. For meg var det gildt at det også var litt eldre ungdommar med i musikklaget som Henny og Torleiv Undheim hadde ansvaret for.

GILDT MINNE

Gerd minnest godt naboen på Årrestad, Lava i Månheim.

– Ho var verdas snillaste dame, og av dei stille i landet. Ein gong heldt ho andakt på Yngres. Eg ser for meg Lava då ho kom syklande til kapellet for å halde andakt.

Ho fortalte levande at vi alltid kunne kome til

Jesus og be om tilgjeving når vi hadde gjort noko vi ikkje skulle. Ho hadde levt med Jesus i mange år og det gjorde inntrykk at ho som var så snill hadde gjort noko gale, og at ho tykte det var vanskeleg å be om tilgjeving.

ULIKE SAMLLINGAR

– Men vi gjekk også på gudstenester og møte. Etter kvart fekk vi ansvar og ulike oppgåver i ungdomsforeninga. Først var det helst praktiske ting, seinare deltok vi meir aktivt i arbeidet – noko som var både kjekt og positivt. Når eg vart eldre, var eg meir med på skulelaget Credo ved gymnaset på Bryne.

LÆRARSKULE

Gerd var «blåruss» på gymnaset, men vegen vidare vart lærarudanning i Kristiansand.

– Men eg kom ikkje inn rett etter gymnaset. I staden fekk eg prøve læraryrket. Eg fekk eit vikariat på Eikeland skule på tre månader og etterpå eit halvt år på Undheim skule når Leiv Gauksås vart rektor. Han og Helga Garborg betyddde mykje for meg som lærarar, og no fekk vi vere lærarar saman. Det styrka meg i trua på å ta lærarutdanning.

FLYTTA UT

Og slik vart det for Gerd. Ho flytta frå Undheim til Kristiansand, og ho flytta aldri tilbake til heimbygda. Men ho legg ikkje skjul på at ho framleis er knytta til heimstaden. Her har ho familie og venner frå barne- og ungdomsåra.

– Eg var ferdig utdanna i 1976, med spesialpedagogikk som vidareutdanning. men hadde lyst å arbeide med spesialpedagogikk. Kanskje var det sommarjobben på Nærlandsheimen som sette meg på det sporet? I allfall kunne eg godt tenkje meg å jobbe med psykisk utviklingshemma, fortel Gerd.

GILDE ÅR

– I 1977 flytta vi til Øyslebø i dåverande Marnardal kommune. Eg arbeidde på spesialskule, medan Ole Bjørn som eg møtte på lærarskulen, fekk jobb i den vanlege skulen. Etter tre år gjekk eg også over til vanleg skule. Og her har vi vore sidan. Men det gjekk seks år før vi kjøpte hus i bygda.

Gerd fortel at ho har vore kontaktlærar i småskulen, men også lærar for framandspråklege og koordinator innan spesialpedagogikk.

Sommaren 2017, etter 41 år i skulen gjekk Gerd over i pensjonistane sine rekkrer.

No får Gerd også tid til andre oppgåver. Mellom anna har ho engasjert seg som leksehjelpar for «nye landsmenn» som tek grunnskule/vidaregåande, og som «leselyttevenn» i barneskulen, men også som forelder i korps og handball.

- Sjølv om eg ikkje gjekk så mykje på søndagskulen på Undheim, har eg vore aktiv som leiar her i Øyslebø. Eg synest det er viktig at barna vert kjende med bibelforteljingane, seier Gerd.

BLEI VERANDE

– Vi trivst godt på Sørlandet og her i bygda. Det er kort veg til både Undheim og Egersund der Ole Bjørn kjem frå. Eg flytta frå ei lita bygd til ei anna. Mange av verdiane her er dei same eg kjenner frå Undheim. Folk rundt oss bryr seg på ein positiv måte.

Gerd fortel at ho og Ole Bjørn har tre barn og åtte barnebarn, busette i Rosendal, Nittedal og Bærum. Om sommaren er det helst fullt i i heimen i Øyslebø, men også den enkle hytta nær Valle i Setesdal er flittig i bruk.

IDRETT

I barne- og ungdomsåra var Gerd aktiv i friidrett. Men då hadde ikkje Undheim eige idrettslag, så då vart det på Bryne.

– Noko av det største eg kan vise til, var vel deltakinga i Tyrvingleikane i Oslo. Eg gjorde det best i korte løp og lengdehopp, men eg la vel opp i 15-årsalderen.

– Men sidan har eg kvart år teke idrettsmerket, unntake dei siste to åra. No vert det meir sykkelferiar og ikkje minst turar i fjellet, både til fots og på ski, fortel Gerd.



Her er Gerd Undheim, til venstre, som ho heitte då, saman med veninna og naboen Oddlaug Undheim. (Privat foto)

FASTE AKTIVITETAR FOR BARN VÅREN 2022

SUPERMIX

Supermix er eit kor/klubb for barn. Ei samling på Supermix inneheld korøving med andakt og hobbyaktivitet i kjellaren til slutt.

Dato: Tysdagar i oddetalsveker:

**18.1., 1.2., 15.2., 15.3., 29.3., 26.4.
og 10.5.**

Tid: Kl. 17.00- 18.00

Stad: Undheim kyrkje

Alder: Frå 4 år og oppover

OPEN KJELLAR

Klubb for guitar og jenter med aktivitetar, andakt, spel og kiosk.

Dato: Fredagane

7.1., 4.2., 25.3., 1.4., 29.4. og 20.5.

Tid: Kl. 19.00 – 21.00

Stad: Undheim kyrkje

Alder: 5. – 7. klasse

UGLA

Gutelag med aktivitetar, turar og andakt.

Dato: Tysdagar i partalsveker:

**11.1., 25.1., 8.2., 22.2., 8.3., 22.3.
og 5.4.**

Tid: Kl. 19.00 – 20.00

Stad: Frammøte på Undheim skule

Alder: 4. klasse og oppover

SØNDAGSSKULEN

Datoar: **9.1., 23.1., 6.2., 20.2., 6.3., 3.4.**

Velkommen til søndagsskule kl. 11.00. Mogleg for store og små først å koma til gudsteneste som startar kl. 10.30.

TRUSOPPLÆRINGA I TIME OG UNDHEIM

BABYSONG

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annakvar onsdag

Datoar for våren er ikkje settet enno. Følg med på <http://www.undheimkyrkja.no/> eller følg Trusopplæringa i Time og Undheim på facebook.

FØRSTEKLASSES

I februar/mars vert førsteklassingane inviterte til «Førsteklasses». Me skal ha fleire samlingar etter skuletid/ på ettermiddagen, og så avsluttar me med ei helg der me er saman på laurdag føremiddag og deltek på gudstenesta søndagen.

Dato for ettermiddagssamlingane er ikkje settet enno.

Avslutningshelg:

Undheim: 19/3-20/3

Invitasjonar vert sende ut.

BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Har du born som ikkje er døypt/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

FØLG «TRUSOPPLÆRINGA I TIME OG UNDHEIM» PÅ FACEBOOK FOR INFO OM DET SOM SKJER I TRUSOPPLÆRINGA I KYRKJENE VÅRE.

KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Eline Fosse	454 83 455
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantarbeidet: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690

HÅNDARBEIDSTREFF

Måndagar:

- 24. januar i kyrkjekjellaren
- 21. februar i samfunnshuset
- 21. mars i kyrkjekjellaren
- 25. april i samfunnshuset
- 23. mai i kyrkjekjellaren
- 14. juni avslutning i samfunnshuset
KL 20.00 – 22.30



GUDSTENESTER UNDHEIM KYRKJE KL. 10.30

- 12. desember Me syng jula inn kl. 14.00
- 24. desember Julegudsteneste kl. 14.30
- 26. desember Høgtidsudsteneste. Nattverd.

- | | |
|-------------|-----------------------------------|
| 9. januar | Gudsteneste. Dåp |
| 23. januar | Gudsteneste. Nattverd |
| 6. februar | Gudsteneste. Dåp |
| 20. februar | Gudsteneste. Nattverd |
| 6. mars | Gudsteneste. Nattverd |
| 20. mars | Gudsteneste for store og små. Dåp |
| 3. april | Gudsteneste. Nattverd |

Be en bønn

Vi mennesker trenger å sette ord på vår glede, uro og frykt. I jula feirer vi at Gud alltid er nær oss alle, ved at Jesus ble født på jorda. Han lytter og bryr seg, og han støtter og utfordrer. Vil du overgi din følelse av håpløshet til en som er større enn alt annet? Trenger du noen å jubile til eller takke for noe eller noen? Be en bønn denne jula.


Bønn forandrer og fordypner,
bønn gjør noe med oss.

Fra kirken.no/jul

Her er en ferdigskrevet bønn om julen hvis du ikke vet hvor du skal begynne:

Kjære Jesus, du som ble et barn. Vi kommer for å høre fortellingen om hyrdene og om Maria og Josef og om englene. Nå vil også vi bli med til Betlehem for å hilse deg velkommen. Du eide alt, både himmel og jord, men du ble fattig, du ble født i en stall. La oss få se himmellyset fra Betlehemsmarkene i kveld.

Sammen med barn og voksne over hele verden vil vi stå rundt din krybbe. Gud, vi ber i Jesu navn. Amen.



Døpte i Undheimkyrkja

3. oktober



Nils Kristian Reime

17. oktober



Iris Michelle
Løining Søiland

14. november



Alexandra Giovanna
Mellemstrand

VI SAMLES TIL DÅP I DIN KIRKE PÅ JORD
NORSK SALMEBOK 588 V. 2 + 4

DU SER VÅRE TANKER,
DU HØRER VÅR BØNN, DU
LYTTER TIL HJERTENES
LENGSEL. DU KALLER OSS,
GUD, VED DIN ENBÅRNE
SØNN, DU BÆRER OSS
INN I DIN NÅDE.



Tristan
Wathne Undheim

SÅ LED OSS, O GUD,
VED DIN HELLIGE ÅND,
SOM BARN AV DITT
HIMMELSKE RIKE! JA,
STYR DU VÅRT LIV MED
DIN MEKTIGE HÅND OG
LA OSS FÅ BLI I DIN NÅDE.

KONFIRMANTANE 2021-22



Her er årets konfirmandar i Undheim kyrkje. Biletet er teke under presentasjonen i gudstenesta 19. september. Frå venstre: Inger Eikeland, Emilie Oyamo, Lotte Aardal, Anne Risa, Tord Sikveland, Theodor Tjåland Liverud og Adrian Tunheim Mauland. Helle Risa var ikkje til stades. (Foto: Steinar Sandvik)

BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøynt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S


Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra.
(Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to biletene er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
pa Sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mulig!

	 <p>Sandnes & Jærbetong</p>	<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>	 <p>BYGGMESTER HERSDAL AS</p>	 <p>JÆRPRINT TRYKK & DESIGN</p>
<p>Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim</p>	 <p>SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer</p>	<p>UNDHEIM HANDELSLAG</p> <p> undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
 <p>Felleskjøpet Rogaland Agder</p>	 <p>NILS REIME MASKIN GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodal, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 60 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p>SjekkPunkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no</p>
 <p>Arrestad Maskin</p>	 <p>RL teknikk A/S</p>	 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
 <p>TOM REE MASKIN</p>	 <p>Høiland & Tveit BetonEntreprenør</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>
 <p>P. UNDHEIM BYGGMESTER</p> <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no</p>	 <p>AH BYGG AS</p> <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no</p>	 <p>NOVA BEGRAVELSESBYRÅ</p>
 <p>Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN</p>	 <p>VB VARME & BAD</p>  <p>Bryne Rør AS</p>